

Til Kulturdepartementet
Medie- og kunstavdelinga
v/Grete Indahl

Høyringsinnspel til scenekunststrategien

Utfordringar for utvikling, produksjon og formidling av opera:

1. Kva utfordringar for utvikling, produksjon og formidling av opera står operafeltet/scenekunstområdet overfor, og korleis kan utfordringane løysast?

Felles for operaselskapa i Noreg er at vi er avhengige av ein sterk administrasjon med godt kvalifiserte leiarar med kunstnariske visjonar og eit solid produksjonsapparat for å sikre gode produksjonar med høg kvalitet som varemerke. Ein solid administrasjon er avhengig av trygge, føreseielege økonomiske rammer, som skaper kontinuitet i arbeidet og tillet planlegging fleire år fram i tid.

Den aller største utfordringa for feltet er såleis å sikre økonomisk tryggleik for selskapa, så dei kunstnariske idéane kan bli realiserte.

I tillegg til økonomi er utfordringa for operaselskapa å nå ut til eit veksande publikum og nye målgrupper. Det betyr at vi som produserer opera må vere «relevante, representative og tilgjengelege», som det vert vist til i kulturdepartementet sine mål for scenekunstfeltet. Forståinga av desse omgrepa kan vere mange og forskjellige, men for dei fleste av oss vil det bety at publikum skal kjenne det meningsfylt å komme til våre produksjonar, at dei som sit i salen skal kjenne seg treffe eller berørte av det som skjer på scena og at flest mogleg – uansett alder, bakgrunn, økonomi eller nasjonalitet – skal få oppleve opera i nærleiken av der dei bur.

2. Hvordan kan situasjonen koronapandemien har skapt, benyttes som et utgangspunkt for mer omstilling og innovasjon innenfor operaproduksjon og -formidling?

Koronapandemien har i utgangspunktet gjort at kulturformidling så og sies har vorte umogleg eller har fått svært innskrenka rammer, så det er lett å konkludere med at følgjene nesten utelukkande har vore negative for operaproduksjonen i Noreg. Når det er sagt, er det nokre av dei største, mest ressurssterke selskapa som har satsa på streaming av produksjonar, slik at ein både kunne gjennomføre produksjonane for kunstnarane sin del OG at publikum har fått tilgang til forestillingane. Det har sjølvsagt sin eigen verdi, men for dei fleste har ikkje dette vore ei aktuell og tilfredsstillande løysing, då ein ikkje har økonomi til å produsere forestillingar og konsertar av god nok kvalitet eller hatt råd til royaltutbetaling ei slik satsing ville medføre. Dette understrekar kor viktig den FYSISKE opplevinga er for oss alle som publikum. Vi må kjenne på energien og formidlinga i rommet eller salen.

Vi i Opera Nordfjord var svært heldige og kunne gjennomføre to store produksjonar med «fulle hus» på 200 personar pr. framsyning hausten 2020. Det skuldast aller mest lågt smittetrykk i regionen vår, men også at vi torde å satse maksimalt innanfor dei tilletne rammene med eit svært strengt

smittevernregime. Mange selskap har måtta omstille seg på kort varsel og har laga fine, mindre forestillingar, så ein har blitt meir kreative og sett nye måtar å lage opera på, i mindre format. Ein har også blitt meir oppfinnsomme med omsyn til å nytte dei ressursane ein har maksimalt; mange har sikkert gjort nye oppgåver ein ikkje har vore borti før, og det kan vere positivt både for den einskilde og for drifta til selskapet.

3. Hvordan sikrer vi operainstitusjonene mot fremtidige krisesituasjoner?

Det første vi gjorde i Opera Nordfjord då pandemien treffe oss i mars 2020, var å sikre at dei kunstnarane som var engasjerte hos oss på kort sikt fekk utbetalt honorar. Vi såg at vi kom til å spare store utgifter på IKKJE å produsere og kjente det rett å utbetale honorar, så lenge vi fekk behalde offentlege tilskot. Det er viktig at vi i framtida sørger for å ha solid nok økonomi til å tole trange år. Ved å ha føreseielege løyvingar over stat, fylke og kommune, kan vi bygge opp ein sterk og sunn nok økonomi til å kunne engasjere og lønne kunstnarisk team, solistar og musikarar sjølv i vanskelege tider. I året som har gått har vi blitt gode til å legge til rette i trygge rammer både for aktørar og publikum. Denne kompetansen og kunnskapen tek vi med oss vidare i åra som kjem. Vårt fokus skal vere å produsere opera av høg kvalitet for publikum gjennom å gi arbeid til kunstnarar. Solid økonomi, høg kompetanse på smittevern og spesiell tilrettelegging når det krevst skal sikre oss i kommande kriser.

4. Hvordan ønsker du at operafeltet skal se ut om 5-10 år? Kort beskrivelse.

Opera Nordfjord har vakse frå ein liten distriktsopera med éin produksjon og fire framsyningar i 1998 til hovudproduksjon, familieproduksjon, omfattande konsertturnéar og eigen operaskule i 2021, i alt 16-18 framsyningar. I alle desse åra har vi satsa nesten all økonomisk auke på ny aktivitet med ein liten administrasjon på 1,3 stillingar. I fjor tilsette vi for første gong produsent i 70% stilling, så styrking av administrasjonen er ei viktig satsing i åra som kjem. Med eit stort dagnadsapparat vert det eit stadig større behov for å administrere og leie dei forskjellige arbeidsgruppene. Ein må profesjonalisere det frivillige arbeidet på leiarsida for å unngå at dei lokale leiarane vert utbrende og får for stort ansvar.

Det er avgrensa kor mykje ein kan auke aktivitetsnivået i ein distriktsopera bygt på stor grad av frivillig arbeid. Det er likevel eit stort potensiale i andre typar forestillingar som *ikkje* krev dagnadsinnsats, t.d. konsertar, innleigde kammeroperaer, turnéproduksjonar og samarbeidsproduksjonar med kollegaer i OperaNorge av mindre format. Vi ønskjer framleis å vekse!

Konklusjonen er at både vi i Opera Nordfjord og resten av operafeltet har mykje ugjort og er klare for nye utfordringar. OperaNorge som organisasjon – og det einskilde operaselskap - ønskjer i åra som kjem å satse spesielt på born og unge gjennom lokale operaskular og eigne samlingar for unge på nasjonalt nivå, nærmast etablering av eit «juniorlandslag» i song og scenekunst! Så gler vi oss til stadig nye tingsverk av norske komponistar og librettistar; mykje spennande er allereie under planlegging. Og kanskje kan det bli ei større satsing på turnéar, slik at vi alle i større grad kan få vise fram alt det fantastiske som vert produsert i heile opera-Norge? Det fortener vi alle.

Kari Standal Pavelich, Opera Nordfjord